

# Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-3

Stad og dato: Vang, 06.06.2019

---

**Til**

**Møte 3/2019**

**Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune**

Olle Rosendal - leiar  
Frode Rolandsgard - nestleiar  
Tove Nyhagen - medlem

## **INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET, VESTRE SLIDRE KOMMUNE**

Vi kallar inn kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune til møte:

***Tysdag 18.juni 2019 kl.08.00 til 11.00 på Kommunehuset, Vestre Slidre Kommune.***

### **Forslag til dagsorden:**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Formell godkjenning og signering av møtebok 08.04.2019
- Neste møte 27.08.2019

### **Sakliste:**

**Sak 15/2019 Oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)**  
**Sak 16/2019 Risikosamtale med KU, oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering**  
**Sak 17/2019**

Forfall meldast så raskt som mogleg til sekretariatet, varamedlemmer møter ved særskild innkalling.

Vang, 06.06.19

For leiar i kontrollutvalet

Anne-Marte Før (*sign.*)  
*Kontrollutvalssekretariatet for Valdres*

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS (møte- og talerett), rådmann og post-mottak (til orientering).

# Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-3

Stad og dato: Vang, 06.06.2019

---

## SAKSLISTE

### **Sak 15/2019 Oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)**

#### **Dokument i saka:**

2019-05-14-VALHALL-Prosjektplan Risikovurderinger.pdf

#### **Saksopplysningar:**

- Kontrollutvalet skal utføre kontroll og tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. I kvar kommunestyreperiode er kontrollutvalet pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein for eigarskapskontroll i løpet av det fyrste året etter valet. Planane skal byggje på ei risiko – og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) av verksemda i kommunen.
- Denne analysen skal få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen. Dette skal vidare gje ein peikepinn på kva for områder i kommunen som bør kontrollerast. Analysen skal vurdere kva området det er knytt størst risiko til og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje.
- I sak 5/2019 vedtok kontrollutvalet at dei ville bestille Kommunerevisjonen IKS til å starte arbeidet med å oppdatere overordna analyse for Vestre Slidre kommune før valet hausten 2019. Kontrollutvalet bad særskild om at Kommunerevisjon IKS legg opp prosessen slik at kontrollutvalet aktivt deltek i arbeidet med analysen, vidare bad dei om eit forslag til plan for arbeidet frå Kommunerevisjon IKS til kontrollutvalsmøte 05.06.2019 (opphaveleg dato for 3-2019).

#### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek Kommunerevisjon IKS sitt forslag til plan for arbeidet med oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering til vitende og bed om at kommunerevisjon IKS set i gang arbeidet jamfør planen.

### **Sak 16/2019 Risikosamtale med KU, oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering**

#### **Dokument i saka:**

2019-05-27-Risiko- og vesentlighetsvurdering – Diskusjonstema.pdf

#### **Saksopplysningar:**

- Når kontrollutvalet vedtok oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vestre Slidre kommune i sak 5/2019 bad dei særskild om at Kommunerevisjon IKS legg opp prosessen slik at kontrollutvalet aktivt deltek i arbeidet med analysen.
- Jamfør plan handsama i sak 15/2019 ynsker Kommunerevisjon IKS å gjennomføre risikosamtale med det sitjande kontrollutvalet.
- Kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit hjelpedokument for gjennomføring av risikosamtalen, vedlagt saken. Dette dokumentet har eit generelt innhald og er ikkje knytt særskild til Vestre Slidre kommune.
- Kommunerevisjon IKS deltek i saka og leiar risikosamtala med kontrollutvalet.

#### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet ber Kommunerevisjon IKS ta innspel frå risikosamtalen med i sitt arbeid med risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vestre Slidre kommune.

# Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-3

Stad og dato: Vang, 06.06.2019

---

## Sak 17/2019 Vedtaksbrev frå kommunestyret, kontrollutvalet sin sak 08/2019 og sak 14/2019

### Dokument i saka:

Vedtaksbrev\_VSK\_Retningsliner\_KU\_02.05.19.pdf

Vedtaksbrev\_VSK\_Saksbehandlingssystem\_KU\_02.05.19.pdf

### Saksopplysningar:

- Retningsliner for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune vart handsama av kontrollutvalet i sak 08/2019 og deretter sendt over til kommunestyret. 02.05.2019 handsama kommunestyret retningslinene under sak KS -027/19 med følgande samrøystes vedtak: Kommunestyret vedtek Retningsliner for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune datert 8.april 2019.
- Kontrollutvalet handsama i sak 14/2019 behovet for saksbehandlingssystem for kontrollutvalet levert via IKT Valdres. Saka vart sendt over til kommunestyret med tilråding om at kommunestyret la til rette for investering av saksbehandlingssystemet hjå IKT Valdres. Kommunestyret vedtok 02.05.2019 i sak KS -028/19 samrøystes: Kommunestyret gjev sitt representantskapsmedlem mandat til å avklare modell for kostnadsfordeling mellom kommunane for å anskaffe saksbehandlingssystemet ACOS levert via IKT Valdres.

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa om vedtaksbrev frå kommunestyret til vitende.

Vang, 06.06.19.

Anne-Marte Før (*sign.*)

*Kontrollutvalssekretariatet for Valdres*